

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
335.3	Knut Øyjordet	16.02.23	9/23

## **SØKNAD OM Å SLEPPE SAU PÅ BESSTRONDFJELLET – HARALD FORMO STORRVIK**

### *Saksdokument:*

1. E-post frå Harald Formo Storrvik av 03.01.23 til fjellstyret.
2. Brev frå fjellstyret av 12.01.23 til Besstrondfjellet beitelag v/Kjell Magne Storvik.

### *Saksutgreiing og vurdering:*

Harald Formo Storrvik søker om løyve til å sleppe sau på Besstrondfjellet frå Besstrond. Han har tenkt å sleppe ca. 50 søyer pluss lam frå sommaren 2023, og enda fleire neste år. Han skriv i søknaden at han har vore i kontakt med Kjell Magne Storvik i beitelaget, som er positiv til å ha Formo Storrvik med i laget saman med han og Jo Øien. Søknaden vart likevel reint formelt sendt til beitelaget for eventuelle merknader. Det er ikkje kome merknader frå laget.

Fordi Formo Storrvik ikkje har seter i området, så må han etter beitevedtektene ha løyve frå fjellstyret til slepp av sau der.

### **Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret gjev Harald Formo Storrvik løyve til å sleppe sau på beite i Besstrondfjellet beitelag sitt område. Fjellstyret set som vilkår at han blir medlem i Besstrondfjellet beitelag. Løyvet gjeld inntil vidare.

### **Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

### *Rett utskrift. Går til:*

Harald Formo Storrvik

### *Kopi til:*

Besstrondfjellet beitelag v/Kjell Magne Storvik

Vågåmo, 17.02.23

Knut Øyjordet (e.f)